

NVE-Konsesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

28.04.15

Kommentar til innkomne merknadar – Rørvik

I samband med at NVE har hatt søknaden om konsesjon for Rørvik i Askvoll kommune på høyring har det kome inn fleire merknadar. Tiltakshavar ønskjer gjennom dette skrivet å kommentere ein del av innspela frå dei ulike høyringspartane. Hovudvekta av innspela går på val av minstevassføringa og at tiltaket medfører store inngrep i naturen. Desse tema er omtala som ein generell kommentar til alle uttalepartane.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune:

Fylkeskommunen meiner fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve, men meiner minstevassføringa om sommaren må aukast til 112 l/s. Det må leggjast vekt på støydemping ved kraftstasjonen.

Det vert lagt vekt på støydemping som omtalt i konsesjonssøknaden.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Fylkesmannen trekk fram dei allmenne interessene landskap, friluftsliv og sjøaure som negativ for utbygging av Rørvika kraftverk og peikar på at tiltaket inneber store terrenginngrep, at utbygginga vil råke turruta til Blegja langs Stølselva, og at tiltaket vil redusere produksjonen av sjøauresmålt, spesielt i Stølselva.

Stien til Blegja går langs Storelva, og ikkje langs Stølselva. Stølselva er såleis ikkje råka i forbindelse med tursti til Blegja.

Askvoll kommune:

Askvoll er positiv til utbygging av Rørvika kraftverk, men meiner ein bør auke minstevassføringa med tanke på gyting av sjøaure og finne tekniske løysingar som gjev mindre inngrep i naturen.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:

Naturvernforbundet er kritisk til terrenginngrepa som dei meiner er store, spesielt vegar og massetipp. Naturvernforbundet vil sløyfe vegane til inntak og sikre at røygrøfta vert dekk



til på ein måte som gjer den nesten usynleg. Elles uttaler dei at det ikkje er registrert artar eller naturtypar som skil seg frå det vanlege i distriktet.

Massetippen vil jamne til terrenget og gro att og danne ein naturleg del av terrenget. Røyrgata vil verte arrondert og det vert lagt til rette for naturleg begroing etter endt anleggsarbeid.

Sogn og Fjordane Turlag:

Turlaget vil auke minstevassføring i Stølselva og etablere køyresterk veg til Storelva. Dei omtaler også låg minstevassføring som negativt for gyteforholda i Stølselva.

Rørvik Kraftverk har ingen innvendingar mot at vegen til inntak Storelva vert arrondert og tilrettelagt for tilgroing etter endt anleggsarbeid.

Minstevassføring

Vi merkar oss at fleire av høyringspartane er kritisk til føreslått minstevassføring i konsesjonssøknaden på grunn av gyteforholda til sjøauren, spesielt i Stølselva. Storelva er ikkje nemnt som spesielt viktig for oppveksttilhøva til sjøauren, jf. Biologirapporten som seier at Storelva har dårlege gyteforhold i begge løp. Vi foreslår difor å auke minstevassføringa i Stølselva og redusere tilsvarande for Storelva, og samstundes auke minstevassføringa for sommar opp til 112 l/s. Dette vil gje ei minstevassføring sommar på 72 l/s for Stølselva og 40 l/s for Storelva. Dette vil gi ein monaleg positivt bidrag til gyte- og oppvekstvilkåra for sjøauren i Stølselva.

Det er også verdt å nemne at ein bekk som renn inn i Stølselva oppstrøms anadrom strekning vil gje eit positivt bidrag til restvassføringa og sikre betre tilhøve for gyting. I tillegg kjem ein bekk inn i Stølselva ca 100 meter før utløp til fjorden og vil gje ytterlegare restvassføring i nedre del av Stølselva.

Slepp av minstevassføring lik 5 persentilen på 112 l/s for sommarhalvåret og 30 l/s for vinterhalvåret sikrar økonomien i Rørvik. Med dei vilkår som er foreslått vil grunneigarane i Rørvika sjølve kunne realisere prosjektet.

Terrenginngrep

Det andre hovudtemaet som er omtala i høyringsuttalene er at tiltaket vil medføre store terrenginngrep. Sti til inntak Stølselva stort sett brukt av lokale, den allmenne turruta til stølsområdet går lenger vest, og tiltaket er generelt lite synleg herifrå.

Stien langs Storelva er benytta til å ta seg til Blegja. Tiltaket vil på deler av denne strekninga vere synleg, men generelt er elva lite synleg frå stien og renn delvis i gjel nedover lia.

Spesielt tett vegetasjon i området er med på å gjere tiltaket lite synleg frå turstien Rørvik Kraft vil tilstrebe å lage eit inngrep som er så visuelt lite synleg som mogleg. Vegar vert samlokalisert med røyrgate der det er mogleg, og der vegen må leggest om fordi det vert for bratt å anlegge veg langs røytrase vert det lagt vekt på å legge vegen der den er minst mogleg synleg og der den gjev minst mulig skjærings- og fyllingsutslag. Fyllingar og skråningar kan jordslåast slik at dei naturleg kan gro til.



Grunneigarane ser føre seg at prosjektet vil vere med å kunne gje eit økonomisk bidrag til jordbruket i grenda og på den måten sikre busetnad og gardsdrift ved einskildbruka.

Underteikna, saman med dei andre grunneigarane i Rørvik håpar på ei positiv handsaming av saka.

Mvh



Gunnar Leknes
Rørvik